

INFORMASJON OG SØKNADSSKJEMA - SFO for 2019- 2020

PRAKTISK INFORMASJON:

- Skuleåret 2019/2020 vil skuledagane for **1., 2. og 3.kl** vare frå 08.30- kl 12.45 alle fem skuledagane i veka.
- Skuleåret 2019-2020 vil skuledagane for **4.kl** vare frå 08.30-12.45 måndag, tysdag, torsdag og fredag. Onsdagar varer skuledagen frå kl 08.30-14.00.
- For 3./4.klasse vert det tilbod om gratis leksetid kl 13.00-14.00 på måndagar for dei som ynskjer det.
- Opningstid for SFO er etter høyring bestemt til kl. 06.45 – 17.00 måndag til fredag for 2019- 2020.
- Siktemålet vårt er framleis at alle som søker på SFO, skal få plass.
- Ved for stor søkning må inntaksnemnda (undervisningsinspektør, dagleg leiar SFO + leiar for Samarbeidsutvalet) gjere ei vurdering av søknadene. I utgangspunktet vil inntaksnemnda legge til grunn *stort sett* same inntakskriterium som i barnehagen - dvs:
 1. *Funksjonshemma barn*
 2. *Barn som kommunelege, helsesøster, sosialteneste, PPT eller andre sakkunnige instansar gjennom skriftleg uttale meiner har særlege behov for SFO-tilbod*
 3. *Yngre elevar blir i utgangspunktet prioritert framfor eldre elevar*
 4. *Barn som bur slik til at dei har lite kontakt med andre barn eller bur trafikkfarleg til*
 5. *Barn av einslege forsyttarar, eller med foreldre som treng avlastning pga. sjukdom eller andre årsaker*
 6. *Den eine eller begge foreldra er under utdanning*
- Samarbeidsutvalet for Stordal skule skal fungere som eventuelt klageorgan.
- Pris ved kjøp av timar er kr 37,75 pr time. Du må ev kjøpe heile ettermiddagar.

GJELDANDE VEDTEKTER FOR SFO VED STORDAL SKULE:

1. *Stordal kommune eig og driv Stordal skulefritidsordning som er lagt til Stordal skule. Formannskapet er politisk fagnemnd for SFO.*
2. *Føremålet med ordninga er å vere eit godt omsorgs- og fritidstilbod til barn på småskulesteget med grunnlag i statlege forordningar og kommunale vedtak om driftsrammer.*
3. *Nynorsk målform skal så langt råd er, nyttast i songar og litteratur i SFO.*
4. *Samarbeidsutvalet for Stordal skule er styre for SFO. Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret for ordninga, medan dagleg leiar har ansvaret for den praktiske drifta.*
5. *Tilbodet er friviljug og foreldrebetalt, og er ope for elevar i 1. - 4. klasse.*
6. *Etter høyring hos foreldregruppa er tilbodet ope alle vekedagar frå kl. 06.45 til skulestart og frå skuleslutt og fram til kl. 17.00. På elevfrie dagar i skuleåret og i skulen sine feriar har SFO opningstid mellom kl. 06.45 og 17.00.*
7. *Arealutnyttinga av leike- og opphaldsareal vert sett til 3 m² pr. barn i ordninga.*
8. *Foreldrebetalinga blir fastsett av kommunestyret i budsjetthandsaminga, og gjeld komande skuleår. Søskenmoderasjon vert gjeve med 30% for barn nr. 2 og 50% pr. barn f.o.m. 3. barn. Søskenmoderasjonen vert utrekna med grunnlag i talet på søsken i barnehage og SFO.*
9. *Dersom oppseiing av plassen på SFO skjer etter den 15. i månaden, må foreldra betale for dei to påfølgjande månadene. Dersom oppseiinga skjer før den 15. i månaden, må det kun betalast for ein påfølgjande månad. Oppseiinga skal etter dette vedtaket gjerast skriftleg.*
(inkl. endringar i pkt 6 vedtatt av formannskapet våren 2019)

Send søknadsskjema som vedlegg til epost til postmottak@stordal.kommune.no eller du kan levere det på servicekontoret på kommunehuset eller til Stordal skule v/ rektor.

Med helsing
Stordal skule

Marianne Nakken
rektor

Søknadsskjema for SFO ved Stordal skule 2019- 2020. Søknadsfrist: 03.04.2019

Namnet til barnet: _____ født: _____ klasse 19/20: _____

Talet på **søsken i barnehagen** hausten 2019 (NB!): _____

Grunngiving for søknaden:

- | | |
|---|--|
| <input type="checkbox"/> spesielle behov / tilrådd plass av sakkunnig | <input type="checkbox"/> foreldre i arbeid / under utdanning |
| <input type="checkbox"/> behov for samvær med andre barn | <input type="checkbox"/> sjukdom i heimen |
| <input type="checkbox"/> anna (skriv kommentar) | |

Andre opplysningar

1. I skuleåret:

Sett kryss:

	<i>Mandag</i>	<i>Tirsdag</i>	<i>Onsdag</i>	<i>Torsdag</i>	<i>Fredag</i>
Morgon, 1,75 time pr dag, kl 06.45-08.30					
Ettermiddag, 4,25 timar pr dag kl 12.45-17.00					
Ettermiddag måndag, 3 timar for 3./4.kl <i>dersom barnet nyttar gratis leksetid</i> (i tidsrommet 13.00-14.00) SFO: Kl 14.00-17.00					
Onsdag ettermiddag for 4.kl 3 timar, kl 14.00-17.00					

De kan velje mellom morgon og/eller ettermiddag kvar dag.

Ved utrekning av betaling, kan de legge til grunn ein timepris på kr. 31,00. Summer timetalet pr. veke, multipliser med kr 31,00, multipliser deretter med 38 (skuleveker) dividert på 11 (månader). Då får du kostnaden som vert fakturert i 11 månader.

2. I skuleferiane:

Eg/vi er interessert i SFO-tilbod i skuleferiane (8 dagar før skulestart, haust- og vinterferien, 20.12 , 23.12. og 2 veker etter skuleslutt)

- Ja**, eg er interessert i eit tilbod på alle kvardagar, pris kr. 6702- pr. år (kr. 609,- pr.mnd. i 11 mnd.)

3. Anna informasjon:

Betaling for kjøp av enkeltopphald: kr. 66,- pr. morgon på 1,75 timar
kr. 160,- pr. ettermiddag på 4,25 timar
kr 113,- for kort ettermiddag (4.kl onsdag, 3./4.kl etter leksetid måndag)
kr 303,- for heil dag

Eg har gjort meg kjent med informasjonen om SFO-tilbodet, inkl. vedtekter og SFO-og skulerute for 2019/2020

Dato:

Underskrift søker:

Mellomadresse:.....6250 Stordal
